



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	17.06.2026
Møtetid:	11:00 -18:45
Møtestad:	Stordalen fjellstove,

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Vebjørn Haugsdal	medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
------	----------	-------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bente Dagny Holmaas Halland	konsulent
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 30/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 31/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 07.05.2026	
PS 32/2026	Finansrapportering pr. 30.4.2026	
PS 33/2026	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2026	
PS 34/2026	Rammer for årsbudsjett 2027	
PS 35/2026	Trafikksikringsprosjekt ved Nordbygda skule	
PS 36/2026	Gjennomføring av avtale som gjeld tap av parkeringsplassar i samband med fylkesvegutbeting ved gnr.20 bnr. 1 ved Rekneset.	
PS 37/2026	Uteplass ved frivilligsentralen og dagtilbod for menneske med demenssjukdom	
PS 38/2026	Kulturvernmidlar 2026	
PS 39/2026	Kulturmidlar 2026	
PS 40/2026	Kulturtiltaksmidlar 2026	
PS 41/2026	Konsesjonskraft, definisjonen alminneleg forsyning og datasenter	
PS 42/2026	Framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar i Masfjorden kommune	
PS 43/2026	Forprosjekt ny brannstasjon i Indre Masfjorden	
PS 44/2026	Framlegg til visuell identitet for Masfjorden kommune 2026	
PS 45/2026	Godkjenning av endring av ny samarbeidsavtale for Vest brann og redningsregion KO	
PS 46/2026	Bustadareal på gnr.32 bnr.106 på Kvamme	
PS 47/2026	Samarbeidsavtale for regionrådet Nordhordland IPR (interkommunalt politisk råd)	

PS 48/2026	Svar høyring - Endringar i vallova	
PS 49/2026	Mellombels endring av alkohollova (unntak for maksimaltid for skjenking under fotball VM herrar 2026)	
PS 50/2026	Referat- og orienteringssaker	
RS 24/2026	Vest brann- og redningsregion KO - Protokoll fra representantskapsmøte 16. april 2026	
RS 25/2026	Fjellevens anvendelse i Nordland og Troms – en prinsipiell sak for alle kommuner i Norge	
RS 26/2026	Høyringsbrev - endringar i organisasjonstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt	
RS 27/2026	Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære	
RS 28/2026	Informasjon om innsyn i kommunane og fylkeskommunane	
RS 29/2026	Orientering om etablering av utlånssentral	
RS 51/2026	Notat gjerde Stokkevika	
RS 30/2026	Forslag om reduksjon av elbilrabatten i Nordhordlandspakken	
RS 31/2026	Protokoll frå Representantskap 1-2026 Region Nordhordland IKS, fredag 12. juni	
PS 52/2026	Gjerde Stokkevika jmf. RS 30/2026	
PS 53/2026	Gjerde Stokkevika jmf. RS 30/2026	
PS 54/2026	Kulturprisen 2026	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 50/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram fylgjande framlegg til merkander til saklista:

- PS 64/26 blir trekt frå saklista og lyfta opp i kommunestyret.

Erlend Kvamsdal (H) sette fram fylgjande endringar til saklista::

- RS 30/2026 Notat gjerde i Stokkevika - blir tatt opp som sak i slutten av møtet.
- PS 60/2026 blir trekt frå saklista og lyfta opp til kommunestyret på grunn av habillitet
- Kulturprisen blir tatt opp som lukka sak mot slutten av møtet.

Framlegg til merknader og endringar på saklista vart samrøystes vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 50/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vert godkjent med fylgjande merknader til saklista.

- PS 64/2026 vert trekt frå saklista. Blir tatt opp som sak i neste kommunestyret.
- RS 30/2026 blir tatt opp som sak i slutten av møtet.
- PS 60/2026 blir trekt frå saklista og lyfta opp til kommunestyret grunna habillitet .
- Kulturprisen blir tatt opp som lukka sak mot slutten av møtet.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 51/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 07.05.2026

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 51/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 07.05.2026:

Møteprotokoll frå formannskapet 07.05.2026 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 32/2026 Finansrapportering pr. 30.4.2026

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 32/2026 Finansrapportering pr. 30.4.2026:

Tilråding frå formannskapet:

Finansrapport for 1.tertial 2026/30.4.2026 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 33/2026 Økonomisk rapportering - 1.tertial 2026

- Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og presenterte hovudtrekk i 1.tertial saka og rammesaka innleiingsvis før handsaming av sakene.
- Oppvekstleiar Wenche Areklett møtte til denne saka og orienterte om notat vaktmeister og anna miljøarbeid på skulane.
- Rådmannen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 33/2026 Økonomisk rapportering - 1.tertial 2026:

Tilråding frå formannskapet:

Driftsbudsjett 2026 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2026 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 34/2026 Rammer for årsbudsjett 2027

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og presenterte hovudtrekk i 1.tertial saka og rammesaka innleiingsvis før handsaming av sakene.

Saka vart drøfta.

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram fylgjande framlegg til vedtak :

- Formannskapet ber om at rammesak blir justert fram mot kommunestyret, eventuelt at tala som er blitt presentert blir betre grunngjevne i saksframlegget.

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 34/2026 Rammer for årsbudsjett 2027:

Tilråding frå formannskapet

Formannskapet ber om at rammesak blir justert fram mot kommunestyret, eventuelt at tala som er blitt presentert blir betre grunngjevne i saksframlegget.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 55/2026 Trafikksikringsprosjekt ved Nordbygda skule

ass.rådmann Sveinung Toft orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (SP) bad om at fylgjande blei protokollført:

- Me ynskjer å ta ned kostnadene for og realisere fleire trafikk sikringstiltak uten at det går ut over dette prosjektet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 55/2026
Trafikksikringsprosjekt ved Nordbygda skule:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret løyver inntil kroner 3.638.975 til trafikksikring ved Nordbygda skule.

Det vert vist til vedlagde skisse og notat frå Norconsult AS som skildrar tiltaket med rundkøyring, fortau og veglys med vidare.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 56/2026 Gjennomføring av avtale som gjeld tap av parkeringsplassar i samband med fylkesvegutbeting ved gnr.20 bnr. 1 ved Rekneset.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 56/2026 Gjennomføring av avtale som gjeld tap av parkeringsplassar i samband med fylkesvegutbeting ved gnr.20 bnr. 1 ved Rekneset.:

Tilråding frå formannskapet:

Det vert løyvd inntil krone 300.000 eks mva for gjennomføring av avtale knytt til etablering av fem parkeringsplassar og ny avkøyring på gnr. 20 bnr. 1.

Masfjorden kommune vert byggherre, jf. avtalen som ligg ved saka

Prosjektet vert finansiert over fond.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 57/2026 Uteplass ved frivilligsentralen og dagtilbod for menneske med demenssjukdom

Helse og -omsorgsleiar Oddvin Neset møtte og orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 57/2026 Uteplass ved frivilligsentralen og dagtilbod for menneske med demenssjukdom:

Vedtak frå formannskapet:

Formannskapet godkjenner bruk av kr. 230.000,- til etablering av uteplass utanfor frivilligsentralen. Uteplassen vil kunne nyttast av dagtilbod for menneske med demenssjukdom, og andre brukarar av frivilligsentralen sine lokale.

Finansiering:

Kostnaden vert delt mellom frivilligsentralen og heimetenesta med 50% kvar.

Dekning bunde fond FBD013 Frivilligsentral med 50% av kostnadene.

Dekning bunde fond FBD501 Dagtilbod demente med 50% av kostnadene.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 58/2026 Kulturvernmidlar 2026

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 58/2026 Kulturvernmidlar 2026:

Vedtak frå formannskapet:

Det vert for 2026 løyvd

kr 30 000 til Skytjo i Kvamsdals farger

Kr 25 000 til tak på «Sagen», Åsheim gard

Unytta midlar kr 45 000 vert tilrådd overført til Kulturtiltaksmidlar 2026, der det er 9 søkjarar til

tildelingssum på kr 100 000.

Unytta sum 2025, kr 30 000 vert overført til 2027.

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.

Frist for arbeidet vert sett til 01.09.2027.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 39/2026 Kulturmidlar 2026

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 39/2026 Kulturmidlar 2026:

Vedtak frå formannskapet :

Kulturmidlar for 2026 vert tildelt slik; (jf. det som er lagt fram i saka).

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 40/2026 Kulturtiltaksmidler 2026

Saka vart trekt frå saklista jmf. sak 50/2026, og vert lagt fram i kommunestyremøte
30.06.2026

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 40/2026 Kulturtiltaksmidler
2026:

Saka vert trekt i frå sakslista

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 61/2026 Konesjionskraft, definisjonen alminneleg forsyning og datasenter

Ordførar Erlend Kvamsdal (H) orienterte om møte med energiminister og LVK

Varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) orienterte om møte i regionrådet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vert samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 61/2026 Konesjionskraft, definisjonen alminneleg forsyning og datasenter:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune reagerer kraftig og går i mot Energidepartementet (ED) si pressemelding 6. mai 2026, med omgjerung av eige (ED) vedtak (frå 2018) om at datasenter vert omfatta som del av definisjonen alminneleg forsyning i konesjionskraftordninga, og dermed fråteke vertskommunane ein viktig del av dei lovbestemte konesjionskraftrettane, utan forhandsvarsel eller høyring, og som langt på veg undergrei meir enn 8 års arbeid i kommunen for å få etablert datasenter i kommunen. Det vert sendt eit formelt brev til ED med uttale basert på tekst tatt inn under samandrag.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 62/2026 Framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar i Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (A) sette fram fylgjande tilleggspunkt under Vilkår:

- Det vert gitt maks 1 tilskot pr. driftseining.
- Ved sameige så kan 1 søkar pr, drfitseining

Torill Torsvik Størkersen sette fram fylgjande endring i punkt 7. 3 kulepunkt.

- Kommunen skal gjere ei landbruksfagleg vurdering med synfaring frå landbrukskontoret før vedtak.

.

Framlegg til vedtak med endringar frå Ap vart samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 62/2026 Framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar i Masfjorden kommune:

Tilråding frå formannskapet :

Kommunestyret godkjenner framlegg til retningslinjer for tilskot i samband med kjøp av landbrukseigedomar i Masfjorden kommune dagsett 11.05.2026. med desse endringane:

Nye kulepunkt under punkt 2 vilkår:

- Det vert gitt maks 1 tilskot pr. driftseining.
- Ved sameige så kan 1 søkar pr, drfitseining

Nytt kulepunkt under punkt 3:

- Kommunen skal gjere ei landbruksfagleg vurdering med synfaring frå landbrukskontoret før vedtak.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 63/2026 Forprosjekt ny brannstasjon i Indre Masfjorden

Saka vart drøfta.

SP , H og Frp sette fram fylgjande framlegg til tilråding:

Saka blir sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing og kostnadsfordeling av bygg og utstyr. Ein må særleg sjå på;

- Ei grundigare vurdering av dei ulike alternative lokasjonane på Matre og Haugsvær.
- Avklare med SVV om muligheit for oppretting av utrykkingsavkjøring til E39 (Døme: Fana Stasjon går rett inn rundkøyring)
- Gå i dialog med SVV for å avklare deira forventningar, behov og eventuelle bidrag inn i ein eventuell ny stasjon.
- Gå i dialog med Eviny for å avklare deira forventningar, behov og eventuelle bidrag inn i ein eventuell ny stasjon.
- Gå i dialog med helse om muligheit for kombinert bygg.
- Få ei grundigare utgreiing om kva som må gjerast med høgspenkabelen ved Matre-alternativet, og eventuell ekstrakostnad med dette
- Vurdere behovet for eit kurssenter i ein av dei nye stasjonane som er planlagt
- Med bakgrunn i at største delen av GMBR sine utrykkingar er helseoppdrag, gå i dialog med Helse Bergen om kompensasjon for dette arbeidet

Røysting :

Framlegg frå rådmannen og fellesframlegg frå Sp, H og Frp vart røysta opp mot kvarandre. Fellesframlegg til tilråding frå Sp ,H og Frp vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst (Ap)

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 63/2026 Forprosjekt ny brannstasjon i Indre Masfjorden:

Vedtak frå formannskapet:

Saka blir sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing og kostnadsfordeling av bygg og utstyr. Ein må særleg sjå på;

- ·Ei grundigare vurdering av dei ulike alternative lokasjonane på Matre og Haugsvær.
- ·Avklare med SVV om muligheit for oppretting av utrykkingsavkjøring til E39 (Døme: Fana Stasjon går rett inn rundkøyring)
- Gå i dialog med SVV for å avklare deira forventningar, behov og eventuelle bidrag inn i ein eventuell ny stasjon.
- Gå i dialog med Eviny for å avklare deira forventningar, behov og eventuelle bidrag inn i ein eventuell ny stasjon.
- ·Gå i dialog med helse om muligheit for kombinert bygg.
- Få ei grundigare utgreiing om kva som må gjerast med høgspenkabelen ved Matre-alternativet, og eventuell ekstrakostnad med dette
- ·Vurdere behovet for eit kurssenter i ein av dei nye stasjonane som er planlagt
- Med bakgrunn i at største delen av GMBR sine uttrykkingar er helseoppdrag, gå i dialog med Helse Bergen om kompensasjon for dette arbeidet

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 64/2026 Framlegg til visuell identitet for Masfjorden kommune 2026

Saka vert lyfta opp i kommunestyret jmf. sak 50/2026

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 64/2026 Framlegg til visuell identitet for Masfjorden kommune 2026:

Saka vart trekt frå saklista.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 65/2026 Godkjenning av endring av ny samarbeidsavtale for Vest brann og redningsregion KO

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 65/2026 Godkjenning av endring av ny samarbeidsavtale for Vest brann og redningsregion KO:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KO.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 46/2026 Bustadareal på gnr.32 bnr.106 på Kvamme

Saka vart drøfta.

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram fylgjande framlegg til vedtak:

- Masfjorden kommune ynskjer å kjøpe bustadareal på g.nr 32, b.nr 106 f, med forbehold at geolograpport syner at området godkjent for bygging. Det vert løyvd inntil 50000 til geologirapport.

Rådmannen får fullmakt til å inngå framforhandle opsjonsavtale med grunneigar for kjøp av tilleggsareal.

Framlegg til vedtak frå høgre vart samrøystes vedtatt.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 46/2026 Bustadareal på gnr.32 bnr.106 på Kvamme:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune ynskjer å kjøpe bustadareal på g.nr 32, b.nr 106 f, med forbehold at geolograpport syner at området godkjent for bygging. Det vert løyvd inntil 50000 til geologirapport.

Rådmannen få fullmakt til å inngå framforhandle opsjonsavtale med grunneigar for kjøp av tilleggsareal.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 67/2026 Samarbeidsavtale for regionrådet Nordhordland IPR (interkommunalt politisk råd)

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 67/2026 Samarbeidsavtale for regionrådet Nordhordland IPR (interkommunalt politisk råd):

Tilråding frå formannskapet:

1. Kommunestyret vedtar at verksemda til Regionrådet Nordhordland vert regulert som eit interkommunalt politisk råd (IPR), jamfør kommunelova, kapittel 18.
2. Kommunestyret vedtek «Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR» slik den ligg føre (jf. saksvedlegg 1).

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 68/2026 Svar høyring - Endringar i vallova

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 68/2026 Svar høyring - Endringar i vallova:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden formannskap vedtek framlegg til høyringssvar til Kommunal- og distriktsdepartementet om forslag til endringar i vallova knytt til krinsvis oppteljing av førehandsrøyster, slik det ligg føre i vedlegg til saka.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 49/2026 Mellombels endring av alkohollova (unntak for maksimaltid for skjenking under fotball VM herrar 2026)

Helse og omsorgsleiar Oddvin Neset orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak- alternativ 2 vart samrøystes tilrådd kommunstyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 49/2026 Mellombels endring av alkohollova (unntak for maksimaltid for skjenking under fotball VM herrar 2026):

Tilråding frå formannskapet:

Med heimel i alkohollova § 4-4, og lovendring om mellombels justering av skjenketidene, innfører Masfjorden kommune dei mellombelse endringane slik det er vist til i lovvedtak 41/2025-2026 med maksimal skjenketid for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 08:00 til kl 06:00 i tidsrommet 1.juli til 19.juli 2026.

Utvidinga gjeld kun skjenking innandørs, og under føresetnad av at skjenkestaden viser direktesende kampar i fotball-VM for herrar 2026 for gjestene på staden.

Skjenkestader som ynskjer å nytte seg av utvida skjenketider må varsle kommunen om dette seinast 3 virkedagar i førevegen.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 50/2026 Referat- og orienteringssaker

Referat - og orienteringssaker:

- Vest brann- og redningsregion KO - Protokoll frå representantskapsmøte 16.april 2026
- Fjellevens anvendelse i Nordland og Troms - en prinsipiell sak for alle kommuner i Norge.
 - Formannskapet bad om at dette kjem som sak i neste kommunestyret.
- Høyringsbrev - endringar i organisasjonstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt.
 - Formannskapet bad om at dette kjem opp som sak i neste kommunestyret.
- Årsrapport 2025 Region Nordhordland og årsrapport 2025 Nordhordland Unesco Biosfære
- Informasjon om innsyn i kommunane og fylkeskommunane.
- Orientering om etablering av utlåssentral.
 - Formannskapet ber om at etabelring av utlåssentralen blir evaluert .
- Notat gjerde Stokkevika blei tatt opp som eiga sak
- Forslag om reduksjon av elbilrabatten i Norhordlandspakken.
 - Formannskapet bad om at dette kjem opp som sak i kommunestyret 30.6.26.
- Protokoll frå Representantskap 1-2026 Region Nordhordland IKS, fredag 12. juni.
 - Formannskapet bad om at dette kjem opp som sak i neste kommunestyret.

Orienteringar frå rådmannen:

- KS tariff, uravstemming 18.06.26
- Nedsal av kommunale bygningar
- Tingingstransport – noverande avtale gjeld til 1.9.26, formannskapet forlengar avtalen ut sept.26 – og me legg opp til politisk sak september 26

Orienteringar frå Ordførar:

- Landsmøte LVK i august -26. Oppfordrar formannskapet til å delta.
- Eignedom på Masfjordnes
- NGIR (Miljøstasjon til Masfjorden)
- Fergeavløysning
- Atløysambandet
- Reguleringsplan for Masfjordsambandet.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 50/2026 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 52/2026 Gjerde Stokkevika jmf. RS 30/2026

Feilregistrert

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 52/2026 Gjerde Stokkevika jmf. RS 30/2026:

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 17.06.2026 av sak 53/2026 Gjerde Stokkevika jmf.RS 30/2026

Ordførar orienterte om saka.

Teknisk sjef Roald Kvingedal orienterte om saka.

Fylgjande framlegg til vedtak vart utarbeidd i møtet:

- Formannskapet løyver inntil krone 250.000 til felås og gjerde slik det er vist på vedlagte kartskisse, med unntak av strekninga langs fylkesvegen.

Framlegg til vedtak utarbeidd i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 17.06.2026 av sak 53/2026 Gjerde Stokkevika jmf.RS 30/2026:

Vedtak frå formannskapet :

Formannskapet løyver inntil krone 250.000 til felås og gjerde slik det er vist på vedlagte kartskisse, med unntak av strekninga langs fylkesvegen.

